

Kvernhus til Ikeland gard

Fotodokumentasjon med kommentarar

Haakon Aase Tørrmuring, Litlebergen 5918 Frekhaug.
E-post: haa-aase@online.no. Telefon: 918 71 129, 56 17 90 15

Sett frå nord.

Trekonstruksjonen er berrlagd på denne sida og mot vest (til høgre på bildet).

Ein ser til venstre korleis laftekassen er landa på ei hylle i vernemuren. Innanfor ei opning på godt og vel ein meter er det reist ei «blokk» som tener som fundament for huset inn mot terrenget.



Detalj som viser korleis muren vert smalna inn frå ca. 70 cm breidd (djupn) til ca. 40. Dei resterande 30 cm utgjer ei hylle der laftekassen vert landa.



Fasaden mot vest med inngangsdøra til «arbeidsrommet» i kverna. Bygget kviler på ein bakkemur som er pålagd eit par skift med stein for å lyfta bygget opp frå bakken.



Frå innsida av kjellarrommet som hyser kvernkallen. Til venstre opninga mot aust. Murverka der tener som bakstøtte og underlag for vernemuren inn mot hjørnet i søraust. Til høgre delar av den solide bakkemuren inn mot terrenget.



Detalj. Ytste del av
fundamentdelen mot nord
slik denne går inn mot
terreng til høyre. Tilstanden
på murverket ser ut til å vera
svært bra.



Sørveggen er mura heilt opp til rafta. Bakom «haugen» med stein i framgrunnen løyner seg opninga for vatn til kvernkallen. Murverket er delvis intakt, men også her har setningane sett spor etter seg, m.a. ved små spalter i murlivet. Muren har også sige ned litt og mist kontakten med takutstikket og øvste del av veggen.



Vernemuren på
austgavlen

Denne gavlen er
sterkt skadd ved
setningar som fylgje
av øydelagd
murfot/fundament.

Nede til høgre ser
ein at store steinar i
murfoten har blitt
flytta av flaumvatn,
slik at muren no står
i fare for å rasa ut.
Pilene viser døme på
spalter i murlivet.
Muren har i det heile
lagt seg utover til
høgre på bildet og
også fått eit «sig»
nedover slik at han
har mist kontakten
med øvste del av
veggen. Ein ser og at
siget har gjort seg
gjeldande på sørsida.



Detalj på austveggen.
Opninga inn mot «kjellaren»
med kvernkallen er mura
med utkraging. Grunnen er
nok at ein med det unngår for
mykje punktlast på hella som
dekkjer opninga.

